

Frys ned kreften



Foto: Haukeland universitetssjukehus

Kvart år får 5000 norske menn prostatakreft, og om lag 20 prosent av dei som blir ramma døyr av sjukdommen. Dagens behandlingstilbod kan gje biverknader som urinlekkasje, impotens og redusert tiltaksløyst.

Mål

Undersøke om cryoimmunterapi har effekt for pasientane som er med i studien. Cryoimmunterapi er ein behandlingmetode som mobiliserer pasienten sitt eige immunforsvar til å angripe kreftcellene. Svulsten blir frossen og immuncellar som på førehand er hausta frå pasienten sitt blod, blir sprøyta inn.

Klinisk utprøving fase 1 studie

Framdrifta av cryoimmunterapien har gått godt. Totalt har 15 pasientar blitt behandla til no. Pasientane er følgd nøye opp. Det pågår omfattande analyser av innsamla pasientdata. Førebels er konklusjonen at der ikkje er uventa bivirkningar. Radiologisk undersøking har vist stabilisert sjukdom for mange av pasientane. Avanserte sekvensanalyser av immunceller viser at immunapparatet lagar nye angrepsmål etter behandlinga. Dette er lovande, og vidare oppfølging og analyser blir gjort.

Klinisk utprøving fase 2

Neste fase vil vere ein såkalla «basket trial» kor pasientar med ulike krefttypar vil bli rekruttert til cryoimmunterapi. Forsking pågår for å forsterke immunresponsen og utvikle boostervaksine og optimal ressursbruk.

Finansiering

Tildelt innovasjonsmidlar frå Helse Bergen 2018.

Kontakt

Karl-Henning Kalland, Overlege,
Mikrobiologisk avdeling,
Laboratorieklinikken.

e-post: karl.henning.kalland@helsebergen.no

Monica Lislud, Forretningsutvikler,
Bergen Teknologioverføring.

e-post: monica.lislud@bergento.com

